

Hallo i nedslagsfeltet!

No er endeleg ei lang og krevjande veke på skulen ferdig, blant anna med tre heildagsprøvar, og vi går inn i den siste veka før haustferien! Eg gler meg veldig, for på fredag skal vi nemleg på klasseset. Vi reiser med noko som heiter «Hvite Busser», og turen går fyrst med danskebåten til Hirtshals før vi tar buss vidare til Berlin. Deretter skal vi til Krakow i Polen. Poenget med turen er først og fremst å lære om krigen (vi skal mellom anna til Auschwitz og Sachsenhausen) men vi skal sjølvsagt gjere mykje anna moro også!

Fotballsesongen er også over. Resultata har kanskje ikkje blitt det vi håpa på, men likevel har vi utvikla oss veldig som lag. Divisjonen vår er frykteleg jamn, so for oss er det som oftast den siste finishen som manglar; nemleg scoringane. Når det gjeld spelet derimot, er vi på relativt likt nivå som dei andre laga. I alle fall, no ventar to veker treningsfri frå fotballen før det er på 'an igjen.

I dag var vi på Preikestolen! Det var på tide å kome seg dit, ettersom at eg i løpet av 10 år i Stavanger ikkje har vore der. Og vi fekk merke at plassen er ein populær turistattraksjon, for å seie det slik. På veg opp måtte vi faktisk nesten gå i kø, og råsa var for det meste dominert av turistar frå andre land. Litt artig i grunn!



Vi måtte jo berre kike utfor kanten!! Utsikta og naturen var nydeleg, sjølv om lite måler seg med Velledalen og Sunnmøre, hehe.

Mi personlege form på ein skala frå 1-10 er i skrivande stund vurdert til:
7,5

- Andrea Berge Kastellet